

NVE
Postboks 5091 Majorstua

Grinde 1 august 2013

0301 OSLO

Fråsegn: Til Konsesjonssøknad for Brattejølet kraftverk

Vi viser til sakspapir som KS søkjar har sendt oss. Søknaden er registrert hjå NVE med fylgjande saknummer: 200900056 og reg.nr 2147

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.276.

Hornindal ligg i Indre Nordfjord Turlag (INT) sitt virkeområde. Indre Nordfjord Turlag (INT) er lokalisert i Stryn og Hornindal, og har ca 200 medlemmar. INT er eit lokallag av Sogn og Fjordane Turlag. INT arrangerer årleg ein rekke turar.

Om status av omsøkt område:

Brattejølet Kraft AS ynskjer å byggje ut ein strekning av ei elv – Storeelva - som er verna. Ovenfor omsøkt område ligg Sætremyrane naturreservat. Fossekall og vintererle er registrert i elvestrengen. Begge artane er særleg knytt til vassdrag med stryk og fall.

Deler av elva er registrert i naturbasen som naturtype fossesprøytsone med lokal viktig verdi.

Teksten nedenfor er avskrift fra St.prp. nr. 4 (1972-73). Om verneplan for vassdrag Dette er daværende Industridepartementets tilråding av 5. mai 1972, som ble godkjent ved kongelig resolusjon samme dag.

Objekt nr. 101.

HORNINDALSELV, EIDSELV – VASSDRAG NR. 374.

Kontaktutvalget foreslår vassdraget varig unntatt fra videre kraftutbygging under henvisning til de alminnelige frilufts- og naturverninteresser, særlig de naturvitenskapelige interesser.

Hovedstyret har ført vassdraget opp på listen over objekter hvor de ikke kjenner til utbyggingsinteresser.

Universitetet i Bergen, Historisk Museum sier at vassdraget er arkeologisk lite undersøkt, men at dalføret har hatt stor bebyggelse til alle tider.

Stryn kommune gir uttrykk for at Hornindalsvassdraget er verneverdig.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane opplyser at det ikke er aktuelt å bygge ut Eidselva nå, og mener at en utbygging trolig heller ikke bør komme på tale ved senere anledning.

Departementet har ikke noe imot varig vern av vassdraget.



Brattejølet Kraft AS opplyser om at elva tidligare fram til 1950 har vore nytta til kraft på denne staden.

Differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget finn ein på fylgjande nettstad: (datert 2007)
<https://stryn.kommune.no/Filnedlasting.aspx?Mid1=778&FilId=956>

Elvestrekningen ligg i sone II:

utdrag frå forvaltningsplanen:

Sone II Område med middels grad av menneskeleg påverknad.

Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet er i varierende grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typer kulturminne, frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet. Det skal særleg leggast vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturforekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/mellom vassdraget og hovudveg

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Det er ein lokal badeplass i elva ovenfor Storebrua. Det er ikkje tilrettelagt for turgåing langs ved fossen i det omsøkte område, men her er potensiale! Den store vannføringa i elva er av stor opplevingsverdi.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Sogn og Fjordane Turlag meiner at ein skal vere ekstra kritisk til søknader om utbygging i verna område. At det finnast rester igjen etter Hornindal Electricitetsverks si kraftverk i Brattegilfossen frå 1913 er ingen argument i seg sjølv til å gje konsesjon til Brattejølet Kraft AS idag. Sjølv om konsesjonssøkjaren hevder at sitat «Tiltaket ikkje medfører nye inngrep i vassdraget» er det ei sanning med modifikasjonar... Krafta er ikkje nytta i kraftproduksjonsamheng sida 50 tallet. Elva er verna og de vurderingane som vart gjort i denne samanhengen skal ein legge større vekt på. Vurderingane har vore grundige og vart gjort slik som elva er idag. Ein vil undergrave vernevurderingane om ein vil rå til konsesjon til omsøkte prosjekt.

Sogn og Fjordane Turlag v/ naturvernutvalet, meiner at området har ein stor verdi med potensiale for friluftslivet.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vurdering av fiskeinteressene i friluftslivsamheng overlet ein til andre interesseorganisasjonar, men ein vil be om at både anadrom fisk og ål må takast omsyn til ved ei evt utbygging. Sjølv om utbygginga er moderat og vert lagt fram som ei videreføring av tidlegare kraftutbygging (for 63 år sida) vil ein måtte erkjenne at redusert vassføring i eit viktig område av elva med fossefall og stryk, vil påverka enkelte kjente (og ukjente?) leveområde. Redusert næringstilgang og eventuelle reduserte bestand av fugl eller fisk vil reduserer naturopplevinga. Det er viktig at område med spesielle biotop ligg med rett avstand til liknande biotop for å oppretthalde «korridorar» for bestemte arter i flora og fauna.



Turlaget er prinsipell i sin oppfatning der det gjeld å avslo konsesjonssøknader i område som er verna. Brattejølet Kraft AS har ingen argument gode nok for å få konsesjon i eit område som har vernestatus.

Naturvernutvalet er i dette fråsegnet kort og kommenterer ikkje kvart enkelt avsnitt i konsesjonssøknaden for å markere at ein her har eit prinsipielt syn.

Sakhandsamer:

Ron Overdevest, leiar i naturvernutvalet,
Sogn og Fjordane Turlag,
Gulafjordvegen 1127,
5960 Dalsøyra

telefon. 97674654

